



Ål kommune



# Trafikksikkerheit

**Retningslinjer for særleg farleg eller vanskeleg skuleveg**

**Ål kommune**

Vedteke 24.09.24

# 1. Kva er særleg farleg eller vanskeleg skoleveg?

Dokumentet er ein generell rettleiar for å vurdere særleg farlege og vanskelege skolevegar i Ål kommune, basert på Trygg Trafikk sine anbefalingar. Risikoen blir vurdert i forhold til faremoment som for eksempel fartsgrense, trafikkettleik, vegbreidde, vegkryss, belysning, sikt, brøyting og annan tilrettelegging for fotgjengarar – og dessutan at forholda kan variere i ulike årstider.

Målet med denne rettleiarens å gi utfyllande informasjon om momenta som skal vurderast for å avgjere om ein skoleveg er særleg farleg eller vanskeleg. Det er samansett og komplisert å vurdere kva forhold ved skolevegen som kan utgjere ein særleg fare eller risiko, sidan barn som oppheld seg i trafikken, alltid vil vere utsett for ein viss fare og risiko.

## 2. Beskriving av vegen

Ei god beskriving av vegen er viktig for å vurdere om skolevegen er farleg eller vanskeleg for eit barn. Beskrivinga må innehalde konkret kva moment som er særleg farlege eller vanskelege på den aktuelle vegen. Beskrivinga må grunngi at faren ved å ferdast på denne vegen er større enn det kan forventast at barnet meistrar. Her er nokre sentrale punkt basert på ei vurdering.

Moment	Beskriving av vegen
<b>Den aktuelle skolevegen</b>	I ei vurdering må det presiserast kva veg det gjeld. For å unngå mistydingar mellom kommunen og foreldre, kan det vere lurt å markere den aktuelle strekninga på eit kart. Viss det berre er ein del av strekninga som er særleg farleg eller vanskeleg, så angi konkret kor dette er. Bilde av spesielle punkt kan òg brukast i ei beskriving. Det blir anbefalt å gjøre ei synfaring ved skolestart og skoleslutt. Har det skjedd ulykker eller nesten-ulykker på denne vegen?

<b>Alternativ veg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Sjekk om denne vegen er den einaste eller beste vegen til skolen.</li> <li>▪ Nokre stadar finst det alternative vegar som kan brukast heile eller delar av året.</li> </ul> <p>Utfordringa er ofte at fotgengrarar og syklistar, både barn og voksne, vel den kortaste vegen og ikkje nødvendigvis den tryggaste.</p>
<b>Fartsnivå</b>	<p>Vegar der bilistar køyrer fort, utgjer ein risiko for barna. Fotgengrarar og syklistar må vere merksame på trafikken heile tida og kunne reagere raskt på faresituasjonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Fartsgrensa</li> <li>▪ Er det fartsdempande tiltak på vegen, f.eks. fartshumper?</li> <li>▪ Blir fartsgrensa overhalde?</li> </ul> <p>Dersom ein viktig del av problemet er ei oppleving av at bilistane køyrer over tillate hastigkeit, bør dette dokumenterast av politi/lensmann. Kommunen kan òg gjennomføre fartsmålingar.</p>
<b>Trafikkmengd</b>	<p>Kor stor trafikken er på skolevegen har betydning for trafikktryggleiken. Kommunen har utstyr for trafikkteljing.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Antal bilar som passerer ved skolestart og skoleslutt</li> <li>▪ Ein stor andel av trafikken er lastebilar, bussar eller landbruksmaskinar</li> <li>▪ Er det like stor trafikk begge retningar?</li> <li>▪ Forskjellar i trafikkmengd dei ulike vekedagane, f. eks helgeutfart, bør det komme fram.</li> </ul>
<b>Tilrettelegging for fotgengrarar</b>	<p>Det aukar sikkerheita betrakteleg viss vegen er tilrettelagt for fotgengrarar og syklistar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Er det fortau, gong- og sykkelveg og over- eller undergangar?</li> <li>▪ Er det mangel på tilrettelegging?</li> <li>▪ God belysning av vegen aukar sikkerheita.</li> </ul>
<b>Vegbreidde og vegskulder</b>	<p>Ved vurdering av ei vegstrekning må det vere mogleg å gå på begge sider av vegen, slik at det er mogleg å gå på «riktig side» til og frå skolen. For barn er det spesielt viktig å sjå dei som kjem køyrande.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Er vegen smal og det er vanskeleg å gå utanfor køyrebanen?</li> <li>▪ Er det krevjande å vere fotgengar? Må fotgengaren vere koncentrert og halde seg godt ut på kanten? Som å stå stille når bilar passerer, spesielt lastebilar og bussar.</li> <li>▪ Er det plass til å gå på utsida av køyrebanen?</li> <li>▪ Er det plass til ein fotgengar viss det kjem bilar frå begge sider?</li> <li>▪ Er det mogleg å gå heilt ut av vegen, eller er det autovern, fjellskrentar eller liknande som hindrar dette?</li> </ul>

<b>Sikt og sikthindringar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Er det nokon spesielt uoversiktlege punkt, som for eksempel skarpe svingar, bakketoppar, utkjørsler eller tett vegetasjon?</li> <li>▪ Er det nødvendig å stanse for å lytte etter bilar før ein passerer staden? Å lytte etter bilar krevst det òg liten trafikkstøy på staden.</li> <li>▪ Vurdering av sikt: Det er viktig å ta utgangspunkt i høgda til barna. Høyden har mykje å seie for kor langt barnet kan sjå til begge sider.</li> </ul>
<b>Vegkryss</b>	<p>Jo vanskelegare krysset blir opplevd for bilføraren, jo lettare er det at fotgjengarane blir oversett. Det kan òg vere vanskeleg for barn å forstå kva retningar bilar kan komme frå.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kva slags type vegkryss er det på den aktuelle skolevegen? (T-kryss, X-kryss, rundkøyring).</li> </ul>
<b>Inn- og utkøyringar</b>	<p>Trafikkbildet blir komplisert viss det kjem trafikk frå sidene.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kjem det trafikk frå sidene? For eksempel inn- og utkøyringar frå parkeringsplassar, anleggsområde eller liknande.</li> <li>▪ Dersom det er mange lastebilar som kjem inn frå sidene, bør dette dokumenterast ut frå forventa antal på aktuell tidspunkt.</li> </ul>
<b>Kryssing av veg</b>	<p>Barn er mest utsett for trafikkulykker når dei kryssar ein veg.</p> <p>Ved eit krysningspunkt må følgande blir vurdert:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Gode krysningspunkter er der det er lite trafikk, oversiktleg, ingen parkerte bilar, sving eller bakketopp.</li> <li>▪ Fartsnivå og trafikktettleik er sentral.</li> <li>▪ For å krysse vegen trygt, må fotgjengaren berekne tidsluker og avstand til bilar. Dette krev at ein kan sjå langt nok i begge retningar. Det er viktig å velje den beste staden å krysse vegen på.</li> <li>▪ Er det andre forhold i omgivnadene som kan ta merksemda, både frå bilførar og frå barn? For eksempel reklameskilt, butikkar eller anna.</li> <li>▪ Kan barna sjå bilane, og bilførarane sjå barna på tilstrekkeleg avstand?</li> </ul> <p>Nokre stadar er det tryggare å gå litt lenger langs vegen og krysse på ein meir eigna stad. Ved ei vurdering av eit krysningspunkt, er det viktig at sikta blir sjekka i barnehøgde. Òg her har høgda på barnet mykje å seie for kor langt barnet kan sjå.</p>

<b>Gangfelt</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Er det gangfelt?</li> <li>▪ Trafikklys med signal for gåande gir som regel god sikkerheit, unntaket er der bilførarar som skal svinge til høgre eller venstre og fotgjengarar får grønt samtidig. Det kan medføre mistydingar og innebere risiko.</li> <li>▪ Dersom gangfeltet er skiltet, opphøgde og godt belyst, aukar sikkerheita på krysningstedet.</li> <li>▪ Viss det er få fotgjengarar som bruker gangfeltet, viss det kjem brått på bilføraren eller viss det ligg ved eit komplisert vegkryss, aukar sjansen for at fotgjengarane blir oversett.</li> </ul>
<b>Vegforhold om vinteren</b>	<p>God vegbelysning aukar sikkerheita.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Blir det brøyta og strødd til dei tidspunkt elevane skal gå til skolen?</li> <li>▪ Vil høge brøytekantar medføre därleg sikt eller gjere det vanskeleg for barna å komme seg ut av køyrebanen viss det skulle vere nødvendig?</li> </ul>

\*Beskrivinga må grunngi at faren ved å ferdast på denne vegen er større enn det kan forventast at barnet meistrar.

### 3. Føresetnadene til barna i trafikken

Om ein skoleveg er særleg farleg eller vanskeleg, avheng av dei individuelle føresetnadene til barnet og modnad. Ei subjektiv vurdering av det enkelte barn må derfor gjerast for å kunne vurdere om ein veg er særleg farleg eller vanskeleg. Basert på Trygg Trafikkas anbefalingar blir det beskrive her korleis barnas kognitive og motoriske utvikling har betydning for moglegheita deira til å ferdast sikkert i trafikken.

Det er forskjell på vurderingar gjort av ein 6-åring, ein 10-åring eller ein 15-åring på same skoleveg. Det kan også vere store individuelle forskjellar mellom barn på same alder. Dette tek ikkje retningslinjene omsyn til, og må særleg vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Elevar på 1.trinn	Elevar på 2. trinn og 3. trinn
<p>Barna er som regel i trafikken saman med vaksne og har derfor lita erfaring som sjølvstendige trafikantar.</p> <p>Kjenneteikn:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Dei er låge og får eit heilt anna synsfelt enn vaksne. Dei har problem med å sjå over hekkar og brøytekantar og er tilsvarende vanskelege å oppdage for andre trafikantar.</li><li>▪ Motorikken er ikkje ferdig utvikla og barna kan ha vanskar med å stoppe brått viss det kjem ein bil.</li><li>▪ Dei yngste elevane er leikne, impulsive og opptekne av detaljar som fangar interessa der og då. Vi kan ikkje forvente at dei tek andre trafikantar sine perspektiv. Derfor ser dei heller ikkje kva konsekvensar åtferda deira kan ha for dei sjølv og andre.</li><li>▪ Mange er opptekne av reglar og følger desse heilt ukritisk, og dei forventar at andre også følger dei same reglane. Dei orienterer seg ut frå seg sjølv. Det dei sjølv ser, trur dei at også alle andre ser.</li></ul> <p>Vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ lita trafikkerfaring</li><li>▪ Små av vekst som gjer det vanskeleg for dei å sjå og bli sett</li><li>▪ ser detaljar, men oppfattar ikkje alltid samanhengar</li></ul>	<p>Barna får gradvis meir trafikkerfaring.</p> <p>Kjenneteikn:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ Dei får betre kroppskontroll, men framleis impulsive og leikne. Bevegelsane blir meir automatiserte, noko som gir dei moglegheiter til å konsentrere seg betre om trafikken rundt seg.</li><li>▪ Dei fleste er nysgjerrige og har mykje energi. Konsentrasjonen blir betre, men dei kan vere ukonsentrerte i trafikken, spesielt saman med fleire barn.</li><li>▪ Elevane tenker framleis konkret og ser verda ut frå seg sjølv. Når dei eksempelvis ser ein bil, så vil dei tru at bilføraren også ser dei.</li></ul> <p>Vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ meir kroppskontroll, men framleis leikande og impulsive</li><li>▪ tenker konkret og treng konkret rettleiing</li><li>▪ har vanskar med å ta andres perspektiv</li><li>▪ framleis opptekne av reglar</li></ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ har vanskar med å forstå det dei ser og hører i trafikken</li> <li>▪ klarer ikkje å bedømme avstand og fart til bilar som nærmar seg</li> <li>▪ forstår ikkje at bilar kan dukke opp når dei sjølv ikkje ser dei</li> <li>▪ følger reglar ukritisk</li> </ul>	
--	--

Elevar på 4. trinn og 5. trinn	Elevar på 6. trinn og 7. trinn
<p>Elevar på dette nivået begynner å få erfaring som sjølvstendige trafikantar.</p> <p>Kjenneteikn:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Dei fleste har god motorikk og kroppsbeherskelse.</li> <li>▪ Dei kan tolke og dra nytte av det dei ser og hører i trafikken, men står fram ofte som større, meir erfarne og modne enn dei eigentleg er.</li> <li>▪ Elevane er ikkje lenger så regelbundne og stiller oftare spørsmål til reglar og rutinar. Kva jamaldrande meiner får etter kvart meir betydning, ikkje berre kva dei vaksne seier.</li> </ul> <p>Vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ har trafikkerfaring frå eige nærmiljø</li> <li>▪ ikkje lenger så regelbundne, reglar blir tilpassa eller droppast</li> <li>▪ stiller meir spørsmål og aksepterer ikkje ukritisk pålegg til dei vaksne og anbefalingar</li> <li>▪ meir sjølvstendige</li> <li>▪ begynner å relatere seg meir til jamaldrande</li> </ul>	<p>Dei siste åra på barneskolen har elevane ganske mykje trafikkerfaring og begynnar å kunne overføre erfaringar frå ein situasjon til ein annan.</p> <p>Kjenneteikn:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Dei kan generalisere ut frå opplæring og erfaring og er ikkje lenger så avhengig av konkret rettleiing.</li> <li>▪ Motorikken er godt utvikla, og dei kan gjere fleire kompliserte bevegelsar samtidig.</li> <li>▪ Elevane kan i større grad føresjå situasjonar, eksempelvis forstå at bilar kan komme sjølv om dei ikkje ser dei.</li> <li>▪ Dei forstår betre konsekvensar av handlingar, men har ofte overdriven tru på eigne ferdigheiter.</li> </ul> <p>Vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ kan overføre erfaringar frå ein situasjon til ein annan</li> <li>▪ kan generalisere kunnskap</li> <li>▪ kan føresjå situasjonar, forstår at bilar kan komme sjølv om dei ikkje ser dei.</li> <li>▪ har stor tru på eigne ferdigheiter</li> <li>▪ har evne til å ta andres perspektiv,</li> <li>▪ forstår betre konsekvensar av handlingar</li> </ul>

## **Elevar på 8. trinn og 10. trinn**

Elevar på ungdomstrinnet er mykje i trafikken på eiga hand.

Kjenneteikn:

- Dei kan bedømme fart og avstand, og dei kan konsentrere seg.
- Elevane kan skilje mellom vesentleg og uvesentleg informasjon i trafikken, men dei tenker ofte kortsiktig.
- Å bli akseptert av jamaldrande, er spesielt viktig for ungdomsskoleelevarne. Mange vel derfor åtferd som gir med ein gong påskjønning i form av status og anerkjenning i staden for det som er tryggast på lengre sikt.
- Dette gir seg for eksempel utslag i at dei droppar sykkelhjelmen fordi det ikkje reknast som tøft.
- Mange er opptekne av å teste grenser. Foreldra sin påverknad for denne gruppa er større enn ein kanskje trur, sjølv om ungdom i denne alderen ofte er i opposisjon til eigne foreldra.

Vurdering:

- har trafikkerfaring og ein god del trafikkunnskap
- kan konsentrere seg
- mangefull risikoforståing
- testar grenser
- stor tru på eigne ferdigheter og usårbarhet

## 4. Beskrivelse av skoleveg

Vegar i sentrum og bustadområde der det er naturleg at elevane blir ferda, er vurderte til å ikkje vera særleg farlege eller vanskelege vegar. Desse er ikkje nemnde ytterlegare i retningslinene. For alle vegane på denne lista gjeld, at når gong- og sykkelsti er bygd på strekninga, reknast ikkje skolevegen som særleg trafikkfarleg.

Normal	Skal vurderast	Særleg farleg
--------	----------------	---------------

Skolekrets	Vegnamn	Faremoment	Trinn	Utfordring/kommentar	Farge i tabellen			Anbefalt skyss?
					1–4	5–7	8–10	
Nedre-Ål skule	Fv. 2934 Øvre-Ålsvegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Mangel på tilrettelegging og gangfelt</li> <li>• Mangel på vegbreidde og vegskulder enkelte stadar</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Inn- og utkøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> </ul>	1–10	80 sone startar 200 meter etter Lå-krysset der det framleis er gangtrafikk, riding og inn- og utkøyring til eigedommar.				Ja, vinterskyss er anbefalt.
	Myrovegen og kryssa Myrovegen – Fv 2934	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Mangel på tilrettelegging og gangfelt</li> <li>• Vegbreidde og vegskulder</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Vegkryss</li> <li>• Inn- og utkøyringar</li> <li>• Kryssing av veg</li> </ul>	1–10	Gjennomgangstrafikk frå Rv7. Mangel på gangveg og planløsing i kryss. Gangtrafikk til og frå Hallingdal feriepark under Rv7. 12 inn- og utkøyringar langs vegen.				Ja, anbefalt frå 1.-4.trinn

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vegforhold om vinteren</li> </ul>					
Stasjonsbrua Fv 2932	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Vegkryss</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> </ul>	1–10	Fortau på bru er smalt, 1,5m breitt, folk sykler i vegbanen				
Kryss Nossvegen-Rv7 (mellombels)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høg fartsnivå</li> <li>• Høg trafikkmengd</li> <li>• Mangel på tilrettelegging</li> <li>• Vegkryss</li> <li>• Kryssing av veg</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Mangel på gangfelt og belysning</li> </ul>	1–10	Krysset Nossvegen-Riksveg 7 er uoversiktleg. Høg fart.				Ja, skyss er anbefalt.
Kommunal veg: Nossvegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Delar av vegen manglar tilrettelegging</li> <li>• Vegbreidde og vegskulder</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Fleire inn- og utkjøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> <li>• Vegkryss</li> </ul>	1–10	Fartsnivå blir ikkje overheldt, lite respektert.				
Kommunal veg: Tjørndalsvegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> </ul>	1–10	Finnes fleire alternativ veg				

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delar av vegen manglar tilrettelegging</li> <li>• Vegbreidde og vegskulder</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Fleire inn- og utkøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> <li>• Vegkryss</li> </ul>					
Nordbygden e skule	Nordbygdvegen fv. 2930  Frå skule til 200 meter etter avkjørsel til Øylii, nr. 1132 (2km)  Frå skule til starten av Vatsfjorden (4km)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Delar av vegen manglar tilrettelegging</li> <li>• Vegbreidde og vegskulder</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Fleire inn- og utkøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> <li>• Vegkryss</li> <li>• Vinterforhold</li> </ul>	1–6	Få bilar held fartsgrensa.		-	
	Nordbygdvegen Frå skule til Nordbygdvegen nr. 546 (4 km)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Delar av vegen manglar tilrettelegging</li> <li>• Vegbreidde og vegskulder</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Fleire inn- og utkøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> <li>• Vegkryss</li> <li>• Vinterforhold</li> </ul>	1–6	Få bilar held fartsgrensa.		-	

Torpo skule	Torpovegen fv. 2928: Torpo næringspark-Torpo kyrkje	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Mangel på tilrettelegging og belysning</li> <li>• Vegbreidde og vegskulder</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Fleire inn- og utkøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> <li>• Vegkryss</li> <li>• Vinterforhold</li> </ul>	1–6	Veg til Oppheim og til hyttefelt. Høg fart.	<span style="background-color: red; width: 10px; height: 10px; display: inline-block;"></span>	<span style="background-color: yellow; width: 10px; height: 10px; display: inline-block;"></span>	-	
	Oppheimsvegen fv. 2928	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Mangel på tilrettelegging og gangfelt</li> <li>• Mangel på vegbreidde og vegskulder enkelte stadar</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Inn- og utkøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> </ul>	1–6	Høg fart. 80 km sone startar etter 115 meter.	<span style="background-color: red; width: 10px; height: 10px; display: inline-block;"></span>	<span style="background-color: yellow; width: 10px; height: 10px; display: inline-block;"></span>	-	
	Torpovegen fv2926	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Trafikkmengd</li> <li>• Mangel på tilrettelegging og belysning</li> <li>• Mangel på vegbreidde og vegskulder enkelte stadar</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Inn- og utkøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> <li>•</li> </ul>	1–6	Lite respektert fartsgrense Veg gjennom Torpo sentrum. Høg fart. Ein del tungtrafikk og trafikk til hyttefelt.	<span style="background-color: red; width: 10px; height: 10px; display: inline-block;"></span>	<span style="background-color: yellow; width: 10px; height: 10px; display: inline-block;"></span>		

	Sirevegen fv. 2926, Sirebrua- Lien	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fartsnivå</li> <li>• Delar av vegen manglar tilrettelegging</li> <li>• Vegbreidde og vegskulder</li> <li>• Sikt og sikthindringar</li> <li>• Fleire inn- og utkøyringar</li> <li>• Vegforhold om vinteren</li> <li>• Kryssing av veg</li> <li>• Vinterforhold</li> </ul>	1–6				
--	--	---	-----	--	--	--	--